



Byggmester Trond-Ove Rikstad  
Ivegen 181  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3551 - 14/18136

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
20.11.2014

## GBNR 10/160 - Løyve til oppføring av støttemur for sikring av steingard og bustad

**Administrativt vedtak. Saknr: 334/2014**

### Saksutgreiing:

Det vert vist til motteke søknad journalført 22.8.2014 om løyve til oppføring av sikrings-/støttemur på gbnr 10/160. Løyve til oppføring av to bustader i rekke på eigedomen vart gjeve ved administrasjonen sitt vedtak av 20.6.2013, arkivsakid 14/3328.

Tiltaket er skildra i teikningar vedlagt søknaden, vedlegg E1-3. Føremålet med omsøkt tiltak er å sikre eldre steingard som står i eigedomsgrensa mellom bruksnummer 160 og bruksnumra 28 og 226 mot utrasing, samt sikre hensiktsmessig og trygg bruk av bustadene på gbnr 10/160.

Saka har vore førelagt til uttale hos kulturmynde hjå Meland kommune. Ved epost av 17.9.2014 frå kulturkonsulent Eirik Utne vart følgjande opplyst:

«Av omsyn til kulturlandskapet og –miljøet i området, blir det tilrådd at muren skal byggjast som tørrmur, som òg tar omsyn til lokale tørrmuringstradisjonar».

### Vurdering:

#### Lov- og plangrunnlag:

Gbnr 10/160 er i Reguleringsplan for delar av Holme-Holmeknappen (arealplanid 125619940907) avsett til hytter og bustader innanfor byggjeområde HB3. Det omsøkte tiltaket er i samsvar med dette planføreåret.

### Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla 4. og 6. juli 2014. Det er ikkje motteke merknader til nabovarselet. Administrasjonen vurderer at gjennomført nabovarsling stettar krava plan- og bygningslova (pbl) § 21-3.

I samband med oppføring av bustaden og løyvet til dette, arkivsakid 14/3328, har det vore korrespondanse mellom tiltakshavar og eigar av naboeigedomen gbnr 10/28. Administrasjonen vurderer at denne korrespondansen ikkje har betydning for søknaden om oppføring av føreliggjande tiltak.

### Utforming, utsjånad, plassering, høgde og avstand til nabogrenser:

Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagte situasjonskart og teikningar (vedlegg E 1-3) stempla godkjent 20.11.2014.

Administrasjonen vurderer at det omsøkte tiltaket med dette stettar plan- og bygningslova sine krav til utforming, funksjon og utsjånad, jf pbl §§ 29-1 – 29-3. Administrasjonen finn ikkje grunnlag for å stille som vilkår for løyvet at støttemuren vert oppført som tørrmur, jf nemnde uttale frå kulturmynde i kommunen. Tiltakshavar vert oppmoda om å vurdere dette.

Støttemuren er plassert nærmare enn 4 meter frå nabogrensene mot høvesvis gbnr 10/28 og 10/226.

Med heimel i pbl § 29-4, tredje ledd, bokstav (b), kan kommunen godkjenne plassering av byggverk «nærmere nabogrense enn nevnt i andre ledd [4 meter] eller i nabogrense» ved «oppføring av garasje, uthus og lignende mindre tiltak». Dette gjeld mellom anna mindre forstøtningsmurar og fyllingar, jf TEK10 § 4-4 og langvarig forvaltningspraksis. Avgjerda om godkjenning må skje etter eit forvaltningsskjønn.

Tiltaket er ikkje omfatta av unntaket for søknadsplikt i SAK10 § 4-1 nr 5, då mellom anna høgda på muren overstig krava i denne føresegna (over 1,5 meter).

Omsøkt mur vert på grunn av terrengtilhøva på staden lite synleg for naboeigedomar. Muren er naudsynt for å sikre eldre steingard mot utrasing og legg elles til rette for ei hensiktsmessig utnytting av gbnr 10/160. Med denne grunngeving godkjenner administrasjonen plassering av muren i samsvar med situasjonskart stempla godkjent 20.11.2014, jf pbl § 29-4, tredje ledd, bokstav (b).

### Ansvarsrettar:

Dalegruppen AS, org.nr 913 502 388, har søkt om lokal godkjenning for prosjektering og utføring av støttemuren, som er plassert av ansvarleg søkar i tiltaksklasse 1. På bakgrunn av innsendt dokumentasjon vurderer kommuneadministrasjonen at Dalegruppen AS har naudsynte kvalifikasjonar og erfaring i føretaket til å inneha omsøkte ansvarsrettar.

### **Vedtak:**

«Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 løyve til oppføring av støttemur på gbnr 10/160, jf søknad journalført 22.8.2014. Grunngeving for vedtaket kjem fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Plassering og utforming av tiltaket skal vere som vist på vedlagt situasjonskart og teikningar stempla godkjent 20.11.2014, med eit toleransekrav i horisontalt plan på +/- 50 cm.

Ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt, jf ovanfor.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.»

Vedtaket er eit enkelvedtak som kan påklagast i medhald av forvaltningslova § 28 flg. Klagefristen er tre veker frå underretning om vedtak. Klagen skal sendast Meland kommune og skal vere grunngeve. Ved eventuell klage vil administrasjonen førebu saksframlegg for Utval for drift og utvikling i Meland kommune. Dersom vedtaket vert oppretthalde vert saka sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Saka er handsama og godkjent administrativt i medhald av delegert mynde. Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Knut Einar Moldekleiv

Melandsvegen 275 5918

FREKHAUG

**Mottakere:**

Byggmester Trond-Ove Rikstad

levegen 181

5917

ROSSLAND